

# Møteprotokoll for Plan- og kommunalteknisk utval

**Møtedato:** 18.11.2020

**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen

**Møtetid:** kl. 13:00 – kl. 16:15

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aksel Mjøs	H	Utvalsleiar
Øyvind Litland	AP	Nestleiar
Kjellaug Hartveit	SP	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem


Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Marit Adelsten Jensen	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Marit Adelsten Jensen

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen v/sektorleiar Samfunnsutvikling, politisk-adm.sekretariat

## Sakliste

Saknr	Tittel
082/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
083/20	Godkjenning av møtebok
084/20	Referatsaker og meldingar
085/20	Delegerte saker
086/20	Andre gongs handsaming - Plansak 46302015001 - Områderegulering Lonevåg - Lonevåg - Hatland
087/20	Vedtak om vidareføring av bygge- og deleforbod i områdeplan Lonevåg planID 46302015001
088/20	Dispensasjon for deling - gbnr 103/1 Hanstveit
089/20	Planinitiativ til avklaring



## 082/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### 18.11.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

*Spørsmål til slutten av møtet*

Kjellaug Hartveit, SP, varslaspørsmål om kai Lonevåg og deponi Hartveit.

Alf T. Mortensen, FRP, varsla spørsmål om bygging av skogsbilveg Hartveit - Hovden

---

Det var ikke andre merknader til innkalling og saksliste

### PL - 082/20 VEDTAK:

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

---

## 083/20: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 21.10.2020 vert godkjend.


### 18.11.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 21.10.2020

### PL - 083/20 VEDTAK:

**Møteprotokoll frå 21.10.2020 vert godkjend.**

---



## 084/20: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

### 18.11.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

*RS 2: Viltforvaltning*

Alf T. Mortensen, FRP, viste til at notatet ikkje gir svar på korleis det vert ført kontroll med jakta og kva jakt som foregår. Vert det kontrollert at jakta er forsvarleg og lovleg, og gjorde slikt framlegg: "Utvalet ber om at det vert lagt fram ei sak til neste møte om kontrollen med viltforvaltninga i kommunen."

#### AVRØYSTING

Framlegget vart samråystes vedteke.

#### PL - 084/20 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande med slikt tillegg: Utvalet ber om at det vert lagt fram ei sak til neste møte om kontrollen med viltforvaltninga i kommunen."

---

## 085/20: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

### 18.11.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

*DS 427/20 bruksendring nedlagt bensinstasjon*

Utvalet ser det som viktig at tidlegare bensinstasjon kan bli teken i bruk til nye formål.

---


#### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samråystes vedteke

#### PL - 085/20 VEDTAK:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

---



## 086/20: Andre gongs handsaming - Plansak 46302015001 - Områderegulering Lonevåg - Lonevåg - Hatland

### Rådmannen sitt framlegg:

«Formannskapet vedtek at framlegg til Områderegulering Lonevåg -Hatland, plannummer 46302015001, med plankart dagsett 03.11.20, føresegner og planskildring dagsett 04.11.20 samt tilhøyrande vedlegg vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10».

### 18.11.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNIKKT UTVÅL

Sektorleiar samfunnsutvikling orienterte om innhaldet i planen, og særleg utfordringane knytt til klimaendringar og handtering av flom og styrtegn i sentrumsområdet. Planframlegget legg til rette for fleire bustader i sentrum, opprydding i parkerings- og trafikkareal, betre trafikksikring og betre tilhøve for mjuke trafikantar. Planen vil vera kostnadskrevande å gjennomføra, og kommunen vurderer å søkja om prosjektmidlar knytt til etablering av kanalen i sentrum.

Alf Terje Mortensen, FRP, viste tiltidlegare merknader og om dei er tekne inn, som meir areal langs vågen, flytting av leikeområde i sentrum, utfylling av areal i strandsona?

Sektorleiar viste til krav om felles leike-/grøntareal i tilknytning til bustader i sentrum. Elles vil det vera vanskeleg å få til fleire bustader i sentrum. Leikeareal er no plassert i samanheng med kanalen/parkarealet.

Aksel Mjøs, H, tok opp spørsmål om dialog med større egedomsutviklarar i planprosessen? Kva vil kommersielt interessant for større aktørar?

Øyvind Litland, AP, viste til at rekkjefølgjekrava vil vera sentrale for realiseringa av planen. Kanalen viktig for vassføringa i sentrum.

Viviann Kjøpstad, planavdelinga, var deltok i delar av møtet og svara på spørsmål pr. telefon.

---


Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.55 - kl. 15.10

---

Utalet drøfta og avkjøring til ny barnehagetomt på Hatland, H210\_2.

Alf T. Mortensen, FRP, viste til drøftingar i styringsgruppa der innspel om utfylling i sjø for utviding av areal langs fylkesvegen, Barkavika.

Aksel Mjøs, H, gjorde slikt felles framlegg: "Saka vert oversend formannskapet utan innstilling med med følgjande merknad: "Planutvalet vurderer at vegløysinga i Lonevåg sentrum ikkje er tenleg, særleg med tanke på leveransar til næringsverksemndene. T.d. er vegen på austsida for smal til større lastebilar og det er difor uheldig at dagens tilkomst ved Osterøykroa vert stengd. Ein kan også revurdera om ein treng busslommer langs Tidetomta. Det er dessutan urovekkjande at desse



Iøysingane har lege inne heilt frå første planutkast, men ikkje har vore råd å lesa ut frå svært lite tenlege kartversjonar. Dette verkar det og som ikkje har vore klart i tidlegare politisk handsaming. Ein vil og be om ei revurdering av utfylling langs vegen i Barkavika, område VS i kartet, for å sikra meir friluftsområde mot sjø."

#### AVRØYSTING

Fellesframleggget

- samrøystes (1H,1AP,1SP,1FRP,1KRF)

#### PL - 086/20 VEDTAK:

"Saka vert oversend formannskapet utan innstilling med følgjande merknad: "Planutvalet vurderer at vegløysinga i Lonevåg sentrum ikkje er tenleg, særleg med tanke på leveransar til næringsverksemdene. T.d. er vegen på austsida for smal til større lastebilar og det er difor uheldig at dagens tilkomst ved Osterøykroa vert stengd. Ein kan også revurdera om ein treng busslommer langs Tidetomta. Det er dessutan urovekkjande at desse Iøysingane har lege inne heilt frå første planutkast, men ikkje har vore råd å lesa ut frå svært lite tenlege kartversjonar. Dette verkar det og som ikkje har vore klart i tidlegare politisk handsaming.

Ein vil og be om ei revurdering av utfylling langs vegen i Barkavika, område VS i kartet, for å sikra meir friluftsområde mot sjø."

---

#### 087/20: Vedtak om vidareføring av bygge- og deleforbod i områdeplan Lonevåg planID 46302015001

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune vedtek å forlenge det mellombelse forbodet mot tiltak innanfor planavgrensinga i inntil 1 år jf. plan- og bygningslova (PBL) § § 13-1 og 13-2.

Mindre tiltak jf PBL § § 20-4 og 20-5 på bebygd bustadtomt/nærinstomt, 20 meter frå kommunal vegmidte og 50 meter frå fylkesveg, kan gjevast etter nærmere vurdering. Eventuelle søknader om løye til tiltak skal til uttale til planavdelinga og vegmynde. Risiko for konflikt med framtidig arealbruk skal vektleggast i slike saker.


#### 18.11.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

#### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd (1H,1Ap,1SP,1FRP,1KRF)

#### PL - 087/20 VEDTAK:

Innstilling



Osterøy kommune vedtek å forlenge det mellombelse forbodet mot tiltak innanfor planavgrensinga i inntil 1 år jf. plan- og bygningslova (PBL) §§ 13-1 og 13-2.  
Mindre tiltak jf PBL §§ 20-4 og 20-5 på bebygd bustadtomt/næringsstomt, 20 meter frå kommunal vegmidte og 50 meter frå fylkesveg, kan gjevast etter nærmere vurdering. Eventuelle søknader om løye til tiltak skal til uttale til planavdelinga og vegmynde. Risiko for konflikt med framtidig arealbruk skal vektleggast i slike saker."

---

## 088/20: Dispensasjon for deling - gbnr 103/1 Hanstveit

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-5 / 12-7 til frådeling av parsell på på gnr. 103 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjiving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

## 18.11.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

### AVRØYTING


Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke (1H,1AP,1Sp,1FRP,KRF)

### PL - 088/20 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-5 / 12-7 til frådeling av parsell på på gnr. 103 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjiving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.



**Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.**

**Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."**

---

## **089/20: Planinitiativ til avklaring**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Heradsstyret vedtek oppstart av detaljregulering Haus sentrum sør PlanID 4630202002 Gbnr 62/1, 6, 19, 67, 104, 156 og 168. Planarbeidet skal legge til rette for ein fleirmannsbustad med tilhøyrande infrastruktur.

### **18.11.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrådstiltrådd (1H,1Ap,1SP,1FRP,1KRF)

#### **PL - 089/20 VEDTAK:**

**"Heradsstyret vedtek oppstart av detaljregulering Haus sentrum sør PlanID 4630202002 Gbnr 62/1, 6, 19, 67, 104, 156 og 168. Planarbeidet skal legge til rette for ein fleirmannsbustad med tilhøyrande infrastruktur."**


---

#### **Andre spørsmål/saker**

Kjellaug Hartveit, SP, tok opp status for sak om Lonevåg kai og massedeponi på Hartveit.

Sektorleiar kjem tilbake med svar til neste møte, jfr. og vedtak i 076/20 for det som gjeld bruk og utleige av Lonevåg kai.

Alf T. Mortensen, FRP, tok opp bygging av skogsveg frå Hartveit til Hovden og status for saka.



Sektorleiar kjem tilbake med svar.

Øyvind Litland, AP, takka for at nye veglys i Haus sentrum og på parkeringsplass ved skulen no er på plass.

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Øyvind Litland og Kari L.  
Mjøs

Lonevåg, 19.11.2020

Bente Skjerping  
utvalssekreær